

**Referat frå styremøte nr. 5 - 2016**

**Dato:** 23.09.2016

**Tid:** kl. 09.00-12.00

**Stad:** Ålesund Kunnskapspark, møterom Ørnetua

**Til stades:**

*Frå styret:*

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, Stranda kommune  
Nestleiar Vebjørn Krogsæter, Haram kommune  
Styremedlem Eva Vinje Aurdal, Ålesund kommune  
Styremedlem Lena Landsverk Sande, Vanylven kommune  
Styremedlem Dag Olav Tennfjord, Skodje kommune  
Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, Ørskog kommune  
Varamedlem Marit Larssen, Giske kommune

*Frå administrasjonen:*

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal  
Rådgivar Erlend Krumsvik  
Rådgivar Vegard Sperre Austnes

*Forfall:*

Styremedlem Einar Vik Arset, Ulstein kommune

**Referent:** Vegard Sperre Austnes

**Sak 36/2016: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Møteinnkallinga vart godkjent. Det var to saker til eventuelt: 1. Nytt soningscenter på Sunnmøre. 2. Støtteerklæring til Ålesund kommune sin søknad om å verte utviklingscenter for sjukeheim og heimeteneste i Møre og Romsdal.

**Sak 37/2016: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 26.08.2016 (nr. 4 - 2016)**

Ved styreleiar Jan Ove Tryggestad

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

**Sak 38/2016: Demokrati/eDemokrati-prosjektet.** Ved rådgivar Erlend Krumsvik i Sunnmøre Regionråd

Styret bad i sak 32/2016 administrasjonen utarbeide sak om økonomi og organisering av prosjektet. Administrasjonen hadde til møtet sendt saksutgreiing med framlegg til vedtak om at regionrådet skulle ta på seg oppdraget med å prosjektleie dei to demokratiprojekta.

Prosjekta legg vekt på å fremje tillit i demokratimodellen gjennom samsnacking og samskaping.

*Vedtak:* Styret tilrår overfor representantskapet at regionrådet skal ta på seg å prosjektleie dei to demokratiprojekta.

**Sak 39/2016: Oppfølging av vedteken strategi Sunnmøre Regionråd 2016-2019.** Strategien følgjer vedlagt. Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar tok opp kva ein skal prioritere å arbeide med innanfor vedteken strategi. I strategien sitt punkt 2.3 er det nemnt utarbeiding av strategisk næringsplan for i eit globalt perspektiv.

I drøftingane i styret vart det drøfta korleis ein kan organisere arbeidet med ein slik plan. Strategisk næringsplan er tema både i arbeidet med interkommunal planstrategi og i byregionprosjektet rundt Ålesund. Involvering av næringslivet vert vesentleg. Det vart her nemnt at ein må henvende seg til bransje- og klyngeorganisasjonane.

*Vedtak:* Styret ber administrasjonen førebu sak for utarbeiding av sak om strategisk næringsplan for Sunnmøre.

**Sak 40/2016: Rekneskapsrapport periode 1-8 2016.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rekneskapsrapport for periode 1-8 2016 var sendt ut til møtet og vart presentert av dagleg leiar.

*Vedtak:* Styret tek rapporten til vitande.

**Sak 41/2016: Dialog om budsjettet for 2017.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar innleia om arbeidet med budsjett for 2017. Administrasjonen vil leggje fram forslag til budsjett for 2017 på neste styremøte 11. november 2016.

*Vedtak:* Styret tek orienteringa til vitande.

**Sak 42/2016: Orientering om aktivitetene/vidareutdanning for barnehage/skule.** Ved rådgivar Nils Magne Abelseth i Sunnmøre Regionråd

Nils Magne Abelseth orienterte om aktivitetane innan nettverka for skule og barnehage på nordre Sunnmøre. Vidareutdanning er prioritert i begge nettverka. Til dømes har ein nyleg starta opp ei styrarutdanning for barnehagesektoren. Innanfor skulesektoren har ein tilsvarande rektorutdanning. Ein arbeidrar også med tilbod om vidareutdanning for lærarar i basisfag. Samarbeidet med Ungt Entreprenørskap vart trekt fram som veldig godt.

*Vedtak:* Styret tek orienteringa til vitande.

**Sak 43/2016: Handsaming av prosjektrapport workshop regionreforma.** Ved rådgivar Erlend Krumsvik i Sunnmøre Regionråd

Erlend Krumsvik innleia om den felles workshopen om regionreforma som Sunnmøre Regionråd og Nordfjorderådet hadde i Ørsta 7. september 2016. Styret drøfta vidare spørsmålet om Sunnmøre si framtidige regiontiknytning.

*Vedtak:* Saka er drøfta i styret og kjem opp på neste møte i representantskapet.

**Sak 44/2016: Innspel frå Sunnmøre Regionråd til ny stortingsmelding om bærekraftige byer og sterke distrikt.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar innleia om saka, og orienterte om at administrasjonen har starta på eit arbeid med å lage eit forslag til innspel til denne komande stortingsmeldinga. Styret drøfta saka.

*Vedtak:* Saka er drøfta i styret. Administrasjonen sitt framlegg til uttale vert sendt til styret for innspel på epost. Fristen for innspel er 30. september 2016.

#### **Sak 45/2016: Orienteringssaker ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal**

##### **Lånekassa i Ørsta**

Dagleg leiar orienterte om at det er gjort avtale om å møte statssekretæren i Kunnskapsdepartementet om saka 30. september 2016. Alternativt vert det også arbeidd med å få til eit møte med kunnskapsministeren.

##### **Uttale om Nødnett**

Dagleg leiar orienterte om at regionrådet har 15. september 2016 har sendt uttale til Justis- og beredskapsdepartementet om at det må prioriterast tilstrekkelege økonomiske ressursar til vidare utvikling av Nødnett i regionen.

##### **Opprop HV 11**

Dagleg leiar orienterte om at regionrådet har vore med på å utarbeide eit brev til Stortinget ved Forsvarskomiteen og parlamentariske leiarar om at HV11 ikkje må leggjast ned, men styrkast.

##### **Tidspunkt for møte med Mørebenken på Stortinget**

Dagleg leiar orienterte om at det vert arbeidd med å få til eit møte med Mørebenken medio januar 2017.

#### **Sak 46/2016: Eventuelt**

##### **Nytt soningscenter på Sunnmøre**

Styremedlem Dag Olav Tennfjord tok opp om regionrådet kan engasjere seg for å synleggjere følgjene av at det ikkje er sett av midlar i framlegget til statsbudsjett for 2017 til vidare planlegging av nytt soningscenter på Sunnmøre. Styret kom fram til at ein vil kontakte Justiskomiteen på Stortinget om saka.

##### **Støtteerklæring til Ålesund kommune sin søknad om å verte utviklingscenter for sjukeheim og heimeteneste i Møre og Romsdal**

Administrasjonen hadde til møtet utarbeidd forslag til støtteerklæring til Ålesund kommune sin søknad om å verte utviklingscenter for sjukeheim og heimeteneste i Møre og Romsdal. Styret stilte seg bak støtteerklæringa.